



Velkommen til SFO

året 2026-2027

Hei alle saman!

Vi ynskjer velkomen til oss på Valderøy SFO, og vi gler oss til å bli kjend med dei nye borna. Det er eit privilegium, å få æra av å tilbringe dagane saman med borna dykkar.

Her kjem ein liten informasjon om kanskje det viktigaste de lurar på når de held på å søker born inn. De som har fleire born på skulen, vil kanskje sjå nokre endringar.

Gratis plass (12-timers plass) Kva er det i praksis?	• Ein har 12 timar gratis sfo i veka. • Dei er lagt til etter skuletid • 1.trinn må bli henta/gå innan kl 15.03 kvar dag. Grunna dei sluttar 11.45 to dagar i veka på skulen. • 2-4.trinn må bli henta/gå innan kl 15.21 kvar dag. Dette grunna dei sluttar på skulen kl 11.45 berre ein dag. • Ein kan ikkje nytte morgon SFO
Gratis plass (12-timers plass) med ferie. Kva er det i praksis.	Veljer du den plassen, betyr det at i feriane har du SFO to dagar måndagar 6 timar, tysdag 6 timar
Trinn-basar	Vi har haldepunkt i trinnbaserte basar. Dette vil seie at kvart trinn har sin base. 1. trinn har tilgong til SFO-midtrommet. Det heiter det grunna at det ligg midt imellom SFO trinnbasane.
Måltid	Pr.no har ein med matboks. Ver god å send med noko som du veit bornet ditt kan klare å spise sjølv.
Morgon SFO	Den er i midtrommet. Der er alle som har morgon SFO velkomen. Det er moglegheit å spise frukost, og ha ei roleg morgonstund.
Foreldremøte	Vi kjem til å halde eit foreldremøte, i august. Der får de meir informasjon. Det skal og veljast to stykker som kan vere representantar for SFO, i FAU.

Betalingsatsar i SFO 2025

Opphaldstid	Sats	Sats søsken	Pris med gratis timar
3 dagar heil plass Faste fridagar som gjeld heile året	kr 2 672	kr 2 004	kr 582
4 dagar heil plass Faste fridagar som gjeld heile året	kr 3 575	kr 2 681	kr 1 485
5 dagar heil plass	kr 4 179	kr 3 134	kr 2 090
Berre ettermiddag (5 dagar) Kan gjerast om til 3 dagar i feriane	kr 3 448	kr 2 586	kr 1 358
Berre morgon (5 dagar) I feriane kan du ha ein heil dag på SFO	kr 1 149	kr 862	
Kjøp av dag	kr 373	kr 280	
Kjøp av feriedag	kr 677	kr 508	
Kjøp av time	kr 89	kr 67	

Etter søknad kan det gjerast vedtak om redusert foreldrebetaling. Det skal betalast maksimalt 6 % av brutto løns- og kapitalinntekt i husstanden.

Elevar i 1. – 3. klasse har rett på 12 timar gratis SFO per veke.

Elevar i 5 – 7. klasse har rett på å gratis SFO.

Betaling for 11 månader per skuleår.

Søskenmoderasjon er på 25 % for barn nummer to eller fleire.

4- og 3 dagar heil plass har faste fridagar per veke. Dette gjeld heile året.

Dei som berre har ettermiddagstilbod kan i ferievekene gjere om dette til opphald tre dagar.

Dei som berre har morgontilbod kan i ferievekene gjere om dette til opphald ein dag.

Dei som har deltidstilbod får kjøpe ekstra dagar på feriedagar og inneklemt dagar. Dette etter avtale med SFO-leiar.

Nye vedtekter frå hausten 2025:

Giske kommunestyre har vedtatt nye vedtekter for skolefritidsordningane. Vedtektene finn du nettsida til kommune. Endringar som ein kan merke seg:

- Det er nye opningstider i alle fire SFO-ordningane. Ordningane er dagleg ope frå kl. 07.30 til kl. 16:30
- Det er høve til å melde seg på 10 eller 11 månader i skuleåret
- For dei som har tilbod om 12 timar gratis per veke blir desse timane lagt til måndagar og tysdagar i ferieveker
- I ferievekene kan SFO-tilbodet bli samla på ein av barneskulane i kommunen, truleg på Valderøy barneskule

Betaling for tilbodet:

10 månaders tilbod:

Opphaldstida følgjer skuleruta, det vil seie at det er tilbod dei dagane det er undervisning. Satsen er utrekna ut frå tilbod i 190 dagar i eit skuleår. Det blir kravd betaling for halve august og halve juni. Dei andre månadane skal det betalast full betaling, og det er lik betaling for alle månadane.

11 månaders tilbod:

Tilbodet startar den måndagen som er nærmast 1. august. Det vil seie at i 2025 startar SFO-tilbodet opp att etter ferien den 04.08. I 2026 er startdato 3. august. Ordninga er feriestengt i fire veker før start. Tilbodet er 221 dagar. Det skal betalast 10 % ekstra i høve til betaling for 10-månderstilbodet. Det blir kravd betaling for halve august og halve juni. Dei andre månadane skal det betalast full betaling, og det er lik betaling for alle månadane. Opphaldstida 221 dagar

Søknad om redusert foreldrebetaling <https://skjema.giske.kommune.no/skjema/GKO080/>

Send inn/endre søknad til SFO <https://giskeg2.ist-asp.com/NO01532-pub/login.htm>

Med beste helsing



Cathrine Aarsund
Leiar for Valderøy SFO

Cathrine.hwa.ran.aarsund@giske.kommune.no